



Tenner på suksess:  
Industridesigner Merete Nes har fått smaken på store oppdrag etter å ha vore med å utvikle tannbørstar for Jordan. I førre veke stilte Nes og dei to andre partnerane i selskapet Fido industridesign ut både tannbørstar og andre produkt i Oslo.

# Lanserer "Eidatannbørste" i Europa

Førre veke lanserte tannbørstegiganten Jordan tre nye produkt for born i Norge, og snart kjem dei i butikkar over store delar av Europa. Eidajenta Merete Nes er ein av personane bak nyvinningane. –det har vore mykje arbeid frå vi fyrst tok til og fram til dei kom i produksjon. Men samstundes har det vore svært spennande å jobbe med dette, seier Nes til Fjordabladet.

HO har fått ein kjempestart på karrieren som industridesigner i hovudstaden. Saman med dei to studiekameratane Øyvar Svendsen og Morten Kildahl fekk ho i oppdrag av Jordan å utvikle tre tannbørstemodellar for born frå null til to år, frå tre til fem år og frå sekt til åtte år. Jordan har sett fokus på dette med sviktande tannhelse blant dei yngste over lengre tid, og ønskte tannbørstar spesialtilpassa for born.

## Diplomoppgåve

Tannbørsteproduzenten har eit pågåande forskingssamarbeid med Arkitekthøgskulen i Oslo for å ha kontakt med dei mest innovative og nytenkande miljøa, og mot slutten av utdanninga får fleire unge industridesignarar spennande prosjekt for Jordan.

–På bakgrunn av det fyrste prosjektet vi var involvert i, fekk vi førespurnad frå Jordan om å jobbe med barn og munnhygiene på diplomoppgåva vår, seier Nes.

Det vellukka arbeidet med diplomoppgåva førte til at studiekameratane starta verksemda Fido industridesign etter ferdig utdanning. For berre få dagar sidan blei verksemda omtala i finansavisen i svært positive ordelag.

–Vi hamna på 300,000 kroner i overskott fyrste driftsåret, så vi er svært nøgde.

## Vinnarmodellar

Diplomoppgåva, som var starten på eventyret, vart levert i desember 2002. då hadde eidajenta og dei andre

involverte i prosjektet forkasta 200 modellar i jakta på dei perfekte tannbørstane. Saman med fagpersonell frå Jordan, tannlegar, ergonomieksperter, trendforskarar og produktutviklarar kom Nes fram til tre vinnarmodellar. No er tannbørstane masseproduserte og endeleg klare for sal.

–Det var spesielt å gå inn i butikken i førre veke og sjå at produktet var på plass i hyllene. Det var mest som ein hadde lyst til å gripe fatt i kundane og fortelje om kva tankar som ligg bak og forklare dei kvifor dei har blitt som dei har blitt, smiler ho.

## Fido eitt år

I samarbeid med at produkta kom i butikken og at verksemda Fido fylt eitt år, inviterte studie- og tannbørstekompisane Nes Svendsen og Kildahl til utstilling i Oslo sentrum.

– Tannbørstane var sjølv sagt blant dei tinga vi presenterte. Men vi synte også fram andre produkt vi har designa som til dømes lamper, spisebord og sofabord. Sofabordet fekk vi interessantar på, sp det ser lyst ut med

tanke på å få det i produksjon.

For det er det det handlar om. Å få ideane sine sett ut i livet.

–Vi inviterte potensielle kundar, tidlegare oppdragsgjevarar og personar frå Norsk Designråd, og vi er svært nøgde med resultatet. Utstillinga har vore godt besøkt, seier nes, og legg til:

–For oss er det viktig å få synt fram det vi skapar. Det er alltid nytting med tilbakemeldignar frå publikum, seier Nes.

Etter kvart vonar ho å få ein for innanfor verksemdar i heimregionen.

–For meg som Eidajente hadde det vore flott å fått oppdrag i Nordfjord. Det å jobbe i periodar i heimdistriktet, samstundes som eg har eit fagmiljø i Oslo, det ville passa meg ypperleg, seier Nes, som har ein god sjanse til å syne seg fram på heimebane om ikkje så lenge.

–Vi skal vere representerte på ei designmesse i stryn i november, så vonaleg vil det opne seg nokre dører for oss. Det er dessutan mogleg vi kjem til å stille ut i Nordfjordeid i samband med messa, seier Merete Nes.



Lamper:  
Du må vere allsidig som industridesigner. Ein kamerat av oss er glasblåsar og han har vore med å utvikle denne lampa. Kanskje blir den sett i produksjon etter kvart, seier Merete Nes.